

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Knarvik, 11. mars 2016

Region Nordhordland - prioritering av skjønsmidler 2016

Me viser til skriv frå Fylkesmannen datert 17. desember 2015 om «Skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane i 2016». Fylkesmannen ønskjer at Regionråda skal ha ein koordinerande og prioriterande rolle i samband med søknad om skjønsmidler, og vil prioritera å støtte interkommunale samarbeidsprosjekt, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gje betre læringseffekt.

Regionrådet i Nordhordland / Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) har koordinert arbeidet med søknadar i regionen, og det vert sendt inn 11 konkrete søknader (inkludert kommunereform for Osterøy) til Fylkesmannen frå våre kommunar.

Regionrådet følgjer Fylkesmannen sitt ynskje om å prioritera samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar. Me har i prosessen hatt fokus på at det ikkje skulle koma mange ulike søknadar frå den enkelte kommune, men at kommunar i størst mogeleg grad samarbeider om viktige interkommunale prosjekt. Me synest har lukkast med dette, og at regionen / kommunane samla sett søkjer om nøkterne og gode prosjekt, og at alle 10 søknadane gjeld særlege område Fylkesmannen ønskjer å prioritera. Me meiner at alle søknadane er viktig for utvikling, fornying og læring i regionen og / eller i den enkelte kommune. Fleire av prosjekta vil bli administrert av Nordhordland Utviklingsselskap IKS, og det er då litt tilfeldig kva kommune som står som søkjar. Derfor viktig og ikkje henga seg opp i at Lindås kommune står som søkjar for mange av prosjekta, medan andre kommunar ikkje er nemnt. Samtidig vil me peika på at det er vanskeleg å setja søknadane i prioritert rekkefylgje då alle er

Generelt sett synest me det er vanskeleg å setja søknadane opp i mot kvarandre og setja prioritært rekkefylgje. Me har derfor stor tillit til at Fylkesmannen også ser prioriteringane i forhold fordeling på dei ulike særlege prioriterte områda og faginndelinga. Tre av søknadane omfattar i utgangspunktet kun ein kommune, men prosjekta vil ha læringseffekt for heile regionen, fylket og gjerne nasjonalt. Regionrådet meiner desse søknadane også er gode og bør få midlar, men dei er sett nedst kun fordi dei i utgangspunkt blir gjennomført av ein kommune.

Når det gjeld søknaden frå Osterøy kommune om kommunereforma, heldt me denne utanfor prioriteringslista iht. skrivet. Me er kjent med at Osterøy kommune og fylkesmannen allereie har dialog om dette.

Vedlagt følgjer prioriteringsliste frå Region Nordhordland med oversikt. Den enkelte søknad er lagt inn gjennom søknadsskjema på heimesida til fylkesmannen slik det er bedt om.

Med venleg helsing



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg: 2016 Skjønsmidler- prioritering Region Nordhordland